


# HYRDINGEN

NR. 2

MARS 2010

ÅRGANG 52

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Altartavl i Ølen kyrkje.

Takk at du tok mine byrder,  
Eit høgfjell av skuld og av skam.  
Du bar det på skuldrene dine,  
Du skuldlause sonofferlam.

Takk at du bar mine synder,  
Betalte mi skyhøge skuld.  
Med blod frå ditt fullkomne hjarta  
Og ikkje med sylv eller gull.

So vil ved korset eg standa,  
Med undring eg ser: Eg er fri!  
Eg skal ikkje døy, eg skal leva  
Med Jesus til æveleg tid.

av Trygve Bjerkreim

## INNHOLD:

- Presten har ordet* side 2
- Redaksjonspennen* side 3
- På søndagsskule i Vindafjord* side 3
- Ungdomsklubben i Vikedal* side 4
- Portrettet: Kjellaug og Ingvald Eike* side 5
- Konfirmantweekend* side 6
- Imsland sokneråd* side 6
- Konfirmantane våre* side 7
- Skjold og Ølen sokneråd* side 8
- 11-årsweekend på Brandøy* side 9
- Lag og foreiningar* side 10
- Frå kyrkjeboka* side 11
- Gudstenestar* side 12



#### **HYRDINGEN:**

Ansværleg: Steinar Skartland

Epost: hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen på konto: 3243 05 05202

Adr. 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedreliid, Eiotunet, Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

##### **Soknepresten i Skjold**

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold  
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89

Kontortid: Tys 9-15  
Ons og Tor 9-12

Sigrunn Hagen Arnesen  
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534  
sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen

Tlf. 52 76 73 85, mobil 980 37 571  
Epost: martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Kommunehuset, Pb. 40, 5583 Vikedal.

Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97  
Kontortid: Tor 9-15

Prostiprest/fengselsprest:

Arild Markussen tlf. 53 65 56 16  
Forværelse:

Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Mandag er prestane sin fridag.

##### **Kyrkjeverja i Vindafjord**

Inghart Lasse Tveit, Rådhuset Ølen  
Tlf. 53 65 65 43 fa 53 65 65 66

##### **Soknerådsleiarar:**

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Anne Marie Reimers

Sandeid: Kari Vik Stuhaug

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug

Bjoa: Trond Ove Alvseike

Vikebygd: Brit Nelly Tveit

Skjold: Elin Frøyland

# Presten har ordet

ved sokneprest Harald Eintveit



# Soloppgangen

Les 2. Mosebok 14, 1-22

### **Det var i soloppgangen for lenge siden nå.**

**Tre kvinner gikk til graven,  
de gikk og gråt på veien  
dit hvor den døde lå.**

**Han selv er soloppgangen,  
han selv er verdens lys.  
Han varmer dem som fryser,  
han følger oss på veien,  
han lyser i Guds hus!**

(NoS, nr.193,1,4)

Ja, Kristus lyser i Guds hus,- og det særskilt på påskemorgon. Dette vil me på nytt koma saman om å feira og fryda over i påska. Strålane frå den første soloppgangen vil kasta seg inn over oss, lysleggja kyrkjefellesskapen og skapa mein og glede.

Forteljinga frå 2. Mosebok om israelsfolkets vanskelege fotferd frå Egypt mot Det lova landet er makelaus. Det hende eit under. Folket vart berga frå trældom og tragedie. Mismot og nederlagsånd vart skifta ut med glede, styrke og framtidsvon. Livet vart nytt; og det som hende **der** og **dengong** – utan at nokon kunne ta på seg å forklåra det på lettvint vis – hender **her** og **no**.

Berenga gjennom Raudehavet vert eit bilete på dåpen og frelsa vår. Evangeliet om nåden skal fri oss frå slaveriet;- og sanneleg er her mange slags krefter som vil få oss til å træla på nytt,- mekanismer som gjer at det kjennest lettare å opphalda seg i det vonde og nedbrytande.

Det kan vera mange ting og tilhøve som Gud vil ha oss bort frå,- på det personlege, det trusmessige og det

samfunnsmessige planet,- og det kan opplevast ubehageleg når Gud ved sitt Ord fører oss frå gammalt til nytt. "Ja visst gjør det vondt når knoppar brister", seier forfattaren Karin Boye.

Men Mose ord til folket får vera rettleiande også for oss: "Ver ikkje redde. Stå berre fast, så skal de få sjå korleis Herren hjelper dykk i dag! Herren skal strida for dykk, og de skal vera stille".

Tenk det! Stille ved soloppgangen,- for Herren vil strida for oss. Ja, me veit han ikkje berre **gjer** det; han **har gjort** det. "Hit inntil Herren har hjulpet så vel, inntil i dag, til i dag. Sørget så trofast for legem og sjel, inntil i dag, til i dag", syng me i ein kjend og kjær bedehussalme. Påskemorgonshendinga er Guds sterke manifestasjon av at han framleis stirr for oss og syner veg. Når me vaklar i trua på å gå vidare eller rett og slett ikkje vågar oss ut i nye rørsler i redsle for stivbeint tankemönster om at slik har det alltid vore eller me er bundne av eiga synd og lammande resignasjon, ja, då skal me vita at Gud vil vinna siger i oss.

Difor skal soloppgangen i påskehøgtida få minna oss om forsaking og tru. Me har noko å venda oss bort frå,- nemleg det som vil binda oss og halda oss faste i freisting, i kvelning, i ulukke og i død. Dermed vert det så viktig **å sikta oss inn** mot håpet – **i soloppgangens retning** – slik at me får auga på Den Oppstadne Kristus. Han vil me tru på. Mot Han er vona vår retta. Han ynskjer me hjelp frå. **For Han er Soloppgangen.**

Signa påskehøgtid ved fjord og fjell!

## Redaksjons- pennen



Av Steinar Skartland

Då eg ein dag i mars kom inn på kyrkjekontoret retta Inghart Lasse ein tjukk bunke med A4 ark opp i lufta og møtte meg med orda: *-Her er ei god meiningsmåling på kyrkjebladet!* Det var bankutskrifter for innbetaling av bladpengar. Vi i redaksjonen må audmjukt takka. At folket i bygdene våre skundar seg å betala dei friviljuge bladpengane syner oss at Hyrdingen vert godt motteken og har stoff av interesse. Men vi vil bli endå betre og har nå fått fleire kontaktpersonar rundt i bygdene som vil hjelpe oss å få inn stoff.

Internett har etter kvart fått ein aukande plass hjå folk i Vindafjord. Her får dei informasjon, underhaldning og betalar rekningane sine. Kvar bygd i Vindafjord har nå si eiga heimeside og mange lag og organisasjoner, kyrkjer og bedehus har kome etter. Snart vil ein nok og kunna lesa Hyrdingen på internett, i tillegg til å få det i postkassen. Har vi då bruk for det trykte papiret? Jo, eit blad eller fotoalbum som ligg på bordet kan alle ta opp og kikka i. Små born, vaksne og dei eldste mellom oss. Sjølv når straumen går kan vi tende stearinljos og setja oss med eit blad eller album.

Norsk Søndagsskuleforbund er ein av dei som gjennom tidene har vore lengst framme i bruk av nye hjelpemiddel. Dei var først på banen med flanellograf. Så kom det ljusbilete og film. Nå har alt internett og datamaskiner vore i bruk i søndagsskulane i mange år. Bedhusa investerer i videokanon og songane kjem på veggen. Samstundes er det alltid nokre som er kritiske. Nytt er farleg. Men den nye teknologien gir store mogelegheiter også i kristent arbeid når han blir styrt og brukt rett. Ordet om Jesus vert levande for borna og presentert på ein måte dei er vane med. Men ennå fungerer flanellografen frå 1800 talet. Det er det engasjerte mennesket som gir liv til forteljingane. Alt det andre er hjelpemiddel.

God påske!

## På Søndagsskule i Vindafjord

”-Eg er søndagsskuleleiar fordi eg syns det er kjempeviktig å vera med å lære barna bibelhistoriene. Det er alltid inspirerande og gledelig når ungane kjem på søndagsskulen. Eg syns de er kjekt å vera søndagsskuleleiar i Vindafjord. Eg er heldig som har med meg entusiastiske hjelpeleiarar” – seier Else Gurine som er søndagsskuleleiar i Austreimsbygda.

Ho legg til at det er eit godt samarbeid mellom søndagsskulane i Skjold og at dei er ilag på fleire felles arrangement. Det er alltid givande å sjå at me er fleire om felles mål - ”Jesus til borna”

Veit de at det var i den kommunen de bur i at Søndagsskolekrinsen vår vart oppretta?

9.-10. juni 1928 var det mykje søndagsskulefolk samla i Ølen. Dei hadde eit mål med å møtast – dei skulle oppretta ein heilt ny søndagsskulekrins. Den nye krinsen fekk namnet Karmsund, Sunnhordland Søndagsskolekrins.

Søndagsskolearbeidet står framleis sterkt i Vindafjord. Det er søndagsskule på bedehusa i Ølensvåg, Vats, i Austreimsbygda og på Ersland. Det er laurdagsklubb på bedehuset i Vikebygd og i Skjold kyrkje held Jungelbarna til. Nokre av søndagsskulane har mange barn og fleire aldersgrupper, mens andre er mindre.

Eg har spurt to av dei om lag 200 barna som var på søndagsskule i Vindafjord to spørsmål:

**Kva tenkjer de når eg seier søndags-**

**skule?**

Då tenkjer me på søndag, Jesus og Gud.

**Kva er det kjekkaste på søndagsskulen?**

Det er å teikna, å høyra forteljing og så er det å passa på og sjå på når leiarane bruker hand-dukkene Jonas & Julie.

Hand-dukkene er ein del av formidlingsopplegget Sprell Levende, som søndagskulane brukar. Sprell levende er til god hjelp og stor inspirasjon og gjer det mulig å variera innhaldet på søndagsskulen utan å måtte ”finna på” alt krutet sjølv kvar gong. I Sprell levende er det idear til både song, leik, bøn, aktivitetar og så er det fleire forslag til korleis bibelfortelingane kan formidlast.

Takk til alle foreldre som kører eller sender barna på søndagsskule i Vindafjord! Søndagsskuleleiarane er takknemlige for alle som kjem på søndagsskule!

På søndagsskulen syng vi ein song som er slik:

”Her er det plass for alle, her er ei open dør, her får du komme inn, her er liv og godt humør...” og sånn er det og på søndagsskule i Vindafjord!

På søndagsskulen er det kjekt og så er det god plass til fleire både jenter og gutter. Kjekt om fleire vil koma!

**Elisabeth Fauskanger**

Søndagsskulekonsulent i Karmsund, Sunnhordland søndagsskulekrins



# Ungdomsklubben i Vikedal

Tekst og foto: Gunhild Skeie, Maren Haugen, Ida Helland, Lydia H. Helland og Julie S. Andreassen

**Ungdomsklubben i Vikedal** er ein stad der elevar frå 5. – 10. klasse kan møtast for å ha kjekke og trivelege kveldar saman. Klubben held til i Bedehuskjellaren i Vikedal og det er Vikedal sokneråd som er ansvarleg for drifta av klubben.

Ungdomsklubben i Vikedal har no vore aktiv sidan 1992. Det var tidlegare sokneprest Bjarne Hjelvik som starta klubben. Klubbkveldane er torsdagar og fredagar annankvar veke. Me startar opp i september og sluttar opp til Påske. På torsdagane møter 5. – 7. klasse frå klokka 18.00 til 20.00, og på fredagar 8.–10. klasse frå 19.00 til 23.00.

Tone S. Andreassen er klubbleiar saman med Anne Marie Reimers. Det møter mellom 30 og 35 ungdommar desse kveldane. Klubben er ein trygg og god møteplass for ungdom frå Imsland, Vikedal og Sandeid.

På klubben er det ulike aktivitetar som bordtennis, airhockey, fotballspel, biljard, dataspel og film. Klubben har eige data-rom med 3 PC-ar som er veldig populært. Det er ikkje Internetttilkopling, så det er berre spel av ulike slag som er tilgjengelege. Ein kan òg spele kort eller bo om ein vil det, eller berre prate saman. Kvar klubbkveld er det mat å få kjøpt, blant anna taco, pizza eller bagetar. Det er også ein kiosk kor ein kan kjøpe seg snop, chips og brus. Mat er veldig viktig. Borna sine foreldre har ansvar for kjøkken, salet og vask og rydding etter at klubbkvelden er slutt.

Ord for kvelden er eit fast innslag for begge gruppene. 5.-7.klasse har trusopp-



Klubbkveld for 8.-10.klasse. Spørjekonkurranse er ein aktivitet dei fleste likar svært godt.

læring, noko som Anne Marie tek seg av. For 8.-10.klasse kan det vere ein av prestane, elevar frå Lundeneset vgs. eller, som denne kvelden me besøkjer klubben, prosti- og fengselsprest Arild Markussen som heldt ordet for kvelden. 35 ungdommar er samla. Det er ei lydhøyr forsamling. Markussen fortel om arbeidet sitt som prest og kvifor han valde akkurat fengselet som sin arbeidsplass. Bibelverset frå Joh. 3.16. er sentralt og andakten blir avslutta med bøn.

Etter det faste programmet er over er det igjen full aktivitet i klubblokalet. Ungdomsklubben er ein fin plass å møtast for ungdommar. Det er sosialt, morosamt og mykje å finne på, fortel ungdommane me treff denne fredagskvelden i februar. Me møter Morten Kaldheim og Toralf Stople, begge frå Sandeid, og Helge Hummervoll frå Imsland. Alle tre er elevar ved Vikedal skule og går i 8.klasse. Desse ungdommane likar seg svært godt på klubben.

- Kva gjer de på klubben, spør me dei? Me er saman med venner, ser film og spelar ulike spel, svarar Morten. Det som er bra med denne klubben er at det er mange sosiale aktivitetar, og at det kvar gong blir det arrangert ein eller anna form for konkurranse. Dette er noko som er svært kjekt og spennande, seier Toralf. Eg likar å spele bordtennis og vere saman med venner, kjem det frå Helge. Klubben er ein koseleg stad å treffast. Me aktiviserer oss sjølv, kan kjøpe mat og sjølvsagt litt snop. Dei tre er glade for å kunne gå på klubben. Det er jo ikkje så mykje anna å finne på når fredagskvelden kjem, avsluttar dei.

Klokka nærmar seg halv elleve. I klubblokalet rullar filmen over lerretet. Dei av ungdommane som ikkje ser på film, spelar biljard eller bordtennis. Andre er på datarommet, eller har teke seg ein liten luftetur. Klubbkvelden i Bedehuskjellaren i Vikedal går mot slutten denne fredagskvelden i februar.



Biljard er ein populær aktivitet. Ole Magnus Stople pønskar ut neste trekk.



Småprat i sofakroken. F.v. Anna Marie Vikedal, Elisabeth Skeie og Ida Marie Andreassen.



Arild Markussen heldt ord for kvelden.

# PORTRETTET: Kjellaug og Ingvald Eike

Kjem du køyrande frå Knapphus på veg mot Haugesund ser du eit lysegrått toetasjes hus på nedsida av vegen når du har passert dei første svingane etter Knapphus. Dette er Liå, og her bur ekteparet Kjellaug og Ingvald Eike, to som har engasjert seg mykje i misjons-, bedehus- og kyrkjelydsarbeid.

Redaksjonen for Hyrdingen har teke seg ein tur innom for å snakka litt med desse. Ingvald er fødd og oppvachsen på garden, som den 5. i syskenrekka av 8 stykke. I ungdommen var Ingvald forskalingssnekker i Stavangerområdet, og han var med under anlegget av motorvegen mellom Stavanger og Sandnes. Det var der sør han traff Kjellaug som var frå Ognedal i Bjerkreim. Ho jobba då på meieriet i Gjeddal etter at ho tidlegare hadde vore husmorvikar på Sand. Dei gifta seg i 1969 og budde fyrste året på Sola.

Men heime i Liå låg odelsgarden og venta på at yngre krefter skulle ta over, og i 1971 flytta dei heim. Ingvald hadde alltid vore interessert i gardsdrift og då spesielt dyr. Kjellaug var og oppvachsen på gard, så dei hadde god bakgrunn. Garden var ikkje lettdriven, men med stort mot tok dei fatt, dyrka opp fleire mål jord og bygde om løa til å husa fleire dyr. I dag er garden mest dobla i areal.

Det vart ei travel tid med gardsarbeid, og etterkvart som borna kom til, 5 i talet, vart det nok å hengja fingrane i både inne og ute. Men likevel tok dei seg tid til å vera med i det kristne arbeidet i bygda, og etterkvart som ungane vaks til, vart det tid til å engasjera seg meir. Begge to har vore med i soknerådet, 2 periodar kvar, og misjonsforeining var ein sjølv-sagt ting for Kjellaug. Handarbeid har vore ei av hennar store interesser.

Redaksjonen for Hyrdingen har stilt Kjellaug og Ingvald nokre spørsmål i samanheng med intervjuet:

## Kva har arbeidet i kyrkja og bedehus betydd for deg?

Ingvald: Eg tykkjer det er gildt å vera med, og det har vore til stor velsigning å få vera med. Det er positivt for alle å få vera med i arbeidet for Guds rike.

Kjellaug: Det har utvikla meg og eg har fått større innblikk i kva misjonsarbeid er, og det har gitt meg større frimodigheit og velsigning.

## Kyrkje eller bedehus, kvar finn de dykk best til rette?



Kjellaug: Kyrkja når lenger ut blant folk, men eg synest det er gildt å gå begge stader.

Ingvald: Eg synes det kunne vera meir sams møte mellom kyrkja og bedehusa, og meir sams møte mellom bedehusa, men elles synes eg det er viktig å delta begge plassar.

## Korleis ser de på framtida for kyrkja og bedehusa?

Ingvald: Eg likar ikkje at kyrkja godtek altfor mykje. Utgangspunktet må vera Bibelen si lære slik det står, og ein må ikkje vika av frå Guds ord. Eg håpar at kyrkja ikkje godtek meir og meir som er i strid med Guds ord, og at folk av den grunn held seg vekke.

Kjellaug: Eg tenkjer av og til at kyrkja kunne fornnya seg litt, spesielt i song, noko som kan fengja meir dei unge, men både song og tale må ha eit klart bodskap på Bibelsk grunn.

Me snakkar ein del om det åndelege arbeidet i soknet, og både Ingvald og Kjellaug er tydeleg engasjert. "Du må ikkje framstilla dette intervjuet som eit strålande bilet av gode medarbeidarar i kyrkjelyden," seier Ingvald, som har mykje å fylla dagen med etter han gav frå seg garden til sonen for nokre få år sidan. Forutan å vera kyrkjetenar i deltidsstilling i Vats, tek han på seg oppretting og vasking av gravstøtter. Han har også gravemaskin som han går ein del rundt med. Og Kjellaug har det ikkje mindre travelt i kvardagen ho heller. Ho hjelper Ingvald i kyrkjetenarjobben, og forutan hus og innearbeid, står ho på anten det er arbeidet med misjonsmessa, misjonsforeininga eller eit arrangement på Stemnestaden. Og når Ingvald tek båten i Nedre

Vats og skal på langefiske ut fjorden til Nising eller Hapnes, ja då er Kjellaug med.

Men når redaksjonen for Hyrdingen konfronterer henne med alt ho engasjerer seg i, er ho nokså klar på at ho treng tid for barnebarna som det er mange av, "og desse må eg ha tid til," avsluttar ho. Ei kort oppsummering frå Hyrdingen sin medarbeidar må verta: Kvardagsmenneske med glød for å byggja opp under eit åndeleg fellesskap i kyrkjelyden.

Trygve Sandvik

## Oversyn over møte i Skjold, gruppert på bedehus

### ERSLAND BEDEHUS

- 08.04. kl. 19.30 - Bønemøte
- 11.04. kl. 11.00 - Sundagsskule
- 20.04. kl. 19.30 - Misjonssambandet
- 22.04. kl. 19.30 - Bønemøte
- 06.05. kl. 19.00 - Inspir. saml.  
Inspirasjonssamling Indre Sjø
- 07.05. kl. 19.30 - Bedehusbasar
- 11.05. kl. 19.30 - Israelsmisjonen

### ISVIK BEDEHUS

- 13.04. kl. 19.30 - Norsk Gideon
- 04.05. kl. 19.30 - Misjonssambandet

### AUSTRHEIMS BYGDA

#### BEDEHUS

- 11.04. kl. 11.00 - Sundagsskule
- 28.04. kl. 19.30 - Israelsmisjonen
- 23.06. kl. ? - St. Hans - feiring

## KONFIRMANTWEEKEND

22-24. januar var 55 konfirmantar frå Vats, Skjold og Vikebygd pluss leiarar samla på konfirmantweekend på Brandøy. Tidlegare år har vi vore på Røvær, men med så mange konfirmantar var det ikkje plass på Sjøhuset, og derfor vart weekenden flytta til Brandøy. Konfirmantweekend betyr både ålvor og leik. Både fredag kveld og laurdag var det undervisning med fokus på dei 10 bod, trua på Jesus og gudstenesta. På kveldane var det lystening og bøn, og på søndagen gudsteneste. Gymnastikksalen vart flittig brukt til både fotball og innebandy og stovene til samvere, spel og prat. Laurdag kveld var det sosialt semvere med leik og moro. Då høyrdre og den obligatoriske Blitz-leiken med kor det gjeld å lenka seg saman medan andre skal dra dei frå kvarandre. Noko rangling vart det vel, men dei fleste fekk seg iallefall litt sovn...

Tekst: Martin Ivar Arnesen

Foto: Leif Christian Andersen



## Imsland sokneråd

Sender bilete av soknerådet i Imsland, teke sist møte. Her er vi i arbeid med bordet fullt av sakspapirer. Kaffi og lappar høyrer også med.

Sitjande rundt bordet: Edvard Imsland, soknepresten Harald Eintveit, Theodor Imsland, Ingrid Marvik, Anne Marie Håvardsen. Ståande bak: Olav Johan Ilstad og leiar Jolaug Sæle Kaldheim.

Foto Tomas Finnvik.

Helsing  
Theodor Imsland



# KONFIRMANTANE VÅRE

## Konfirmasjon Ølen

**2. mai kl. 10.00**

Tom Arden Aareskjold  
Maria Bastlien  
Jonas Kvamen Clausen  
Yvonne Klungland Dahlberg  
Jardar Vetrhus Dørheim  
Lijlan Espenvik  
Terese Stople Gjendem  
Ruben Strand Hauge  
Thomas Helland  
Anita Ivesdal  
Karine Klungland  
Ragnhild Lunde  
Eirin Davidsen Matre  
Simen André Rullestad  
Irine Singh  
Ole Johannes Håvik Storvik  
Martin Stråbø  
Christine Lund Søvik  
Ingunn Netland Torgrimsen  
Mikal Våka  
Anders Vik  
Malin Therese Tufte Øye

## Konfirmasjon Ølen

**2. mai kl. 12.00**

Elisabet Berge  
Silje Berge  
Sunniva Reistad Berge  
Lars Erik Grunnevåg  
Siren Haugland Gundersen  
Jørgen Habbestad  
Norunn Helland  
Pall Aslak Klungland  
Cindy Lawson  
Nina Karin Lunde  
Fredrik Hodnemyr Pedersen  
Mats Aspeseter Rødne  
Kristian Vedå Skålnes  
Eivind Landa Skaar  
Lars-Erik Stangeland  
Morten Stene  
Hilda Stople  
Wenche Helen Søndenå  
Helen Totlandsdal  
Martin Djuve Vågen  
Helene Podhorny Økland  
Thomas Åsheim

## Konfirmasjon Bjoa 9.mai

Anne Elin Grønnestad  
Trygve Miljeteig

## Konfirmasjon Vikebygd

**25.april**  
Victor Søndenå Erdal  
Eirik Larsen  
Sondre Maurangsnæs  
Vebjørn Mortveit  
Espen Vik  
Marte Ødegård

## Skjold 1. mai kl 11.00

Aina Handeland  
Andre Hustoft Nesheim  
Andreas Økland  
Bredo Haraldseid  
Heidi Amalie Lie Bådsvik  
Henrik Haraldseid  
Hermand Hansen  
Håvard Haraldseid  
Ingvild Haugen  
Kristine Vestre  
Lovisa Nordtveit Jamne  
Nils Rune Askeland Alvseike  
Silje Rørtveit  
Tommy Indreland

## Skjold 2.mai kl 11.00

Astrid Selsvik Stendal  
Bård Wannberg  
Eivind Krakk  
Eline Ohm  
Elisabeth Nesheim Vestre  
Geir-Inge Skjold  
Guro Tveit  
Hilde Skjold  
Ida Kristin Alendal  
Joachim Rugtveit  
Kristian Langeland  
Kristian Risanger  
Oda Wannberg

## Vats 8.mai kl 11.00

Bjørg Irene Frøland  
Hanne Kristin N. Døvik  
Harald Bakke  
Håvard Sørbotten

Ingunn Frøland

Kjartan Dale  
Sondre Eikeland  
Steinar Aursland  
Therese Langeland  
Vebjørn Vik Vestly  
Vegard Olsen

## Vats 9.mai kl 12.00

Glenn Andre Langeland  
Heidi Berakvam  
Helge Hatteland  
Karoline Urdal  
Kjell Hatteland  
Kjersti Skrunes  
Martin Børve  
Oda Maria Nesheim  
Olav Anders Eide  
Stine Eikanes  
Susanne Stokkevåg  
Bjarte Selsaas

## Konfirmantar i Vikedal konfirmasjon 25. april

Julie Skipevåg Andreassen  
Stian Leite Frøland  
Knut Olav Grimaas  
Merete Guldhav  
Ida Helland  
Lise Helland  
Lydia Haugan Helland  
Anton Holten  
Camilla Låte Kvamen  
Vilde Frøland Pedersen  
Joakim Rønnevik  
Kristoffer Hallingstad Rønnevik  
Lise Mari Sandvik  
Anette Strømland  
Rune Torstenbø  
Stine Oline Fosen Vetrhus

## Konfirmantar i Imsland 2. mai

Sindre Ramsfjell Skipevåg  
Cathrine Langeland Wiland

## Konfirmantar i Sandeid konfirmasjon 9. mai

Reinert Apeland  
Amalie Asheim  
Marita Bakkedal  
Maren Haugen  
Liv Karen Lærdal  
Petter Asheim Nordskog  
Johannes Ramsfjell  
Liva Selvaag  
Gunhild Skeie  
Berge Marius Stople  
Ole Magnus Stople

## Samtalegudstjenester/Ung messe v/konfirmantane

|                  |          |                |
|------------------|----------|----------------|
| Søndag 11. april | kl 18.00 | Ølen           |
| Søndag 18. april | kl 18.00 | Vikebygd       |
| Onsdag 21.april  | kl 19.00 | Vikedal kyrkje |
| Fredag 23.april  | kl 19.00 | Skjold kyrkje  |
| Onsdag 28. april | kl 19.00 | Imsland kyrkje |
| Fredag 30.april  | kl 19.00 | Vats kyrkje    |
| Onsdag 5.mai     | kl 19.00 | Sandeid kyrkje |

## SKJOLD SOKNERÅD 2009 - 2011

Namn på soknerådsmedlemmene slik dei står på biletet frå venstre:

Hanne Haraldseide Brekke, Liv Reidunn Vik, Gunnbjørg Bore Krakk, Elin Frøyland, Sverre Susort, Sigrunn Hagen Arnesen(prest), Marta Stople, Jens Magnar Tveit, Berit Mortveit Listog og Od-djørn Mangrud.

I tillegg kjem 5 varamenn:  
Marta Stople, Birthe Barane, Solveig Haraldseid, Gunnbjørg Meling Dagsland og Erling Haralsdeid.

Det første spørsmålet me stilte kvarandre var: Kva er viktig for oss i dette soknerådet? Kva er det viktig me jobbar vidare med? Me har teke utgangspunkt i verksemdsplanen frå sist periode for å laga plan for Skjold sokneråd i denne perioden. Me er midt i denne prosessen. Gudstenesta og trusopplæring er 2 hovedpunkt.

Om alt går etter planen skal det nye orgelet vera på plass slik at me kan ha inn-



viing rundt 1.søndag i advent i år. Det gler me oss til! Då er ein lang dugnadsperiode over, og her er det mange som har delteke.

Me trur soknerådet er godt samansett: God variasjon i alder, ulike deler av soknet er representerte, og me har ulikt syn på mange ting. Slik bør det vera om me

skal føre vidare ei open og vid folkekyrkje. Det viktigaste er likevel at soknerådsmedlemmene er engasjerte og vil noko. Men me er avhengige av at alle de andre i soknet deltek med ulike oppgåver. Arbeid i kyrkjelyden er eit dugnadsarbeid der me alle kan vera med.

Me går på med friskt mot!

**Elin Frøyland/leiar i Skjold sokneråd**

## ØLEN SOKNERÅD 2009 - 2011

Soknerådet i Ølen starta perioden sin 1.november 2009 og har laga plan for arbeidet vidare. I kyrkjelyden har me formulert den overordna visjonen slik: "Levande Kristustru - inkluderande fellesskap", ein visjon som samsvarer godt med den norske kyrkja sin visjon: "I Kristus, nær livet". Soknerådet ynskjer at det kristne fellesskapet og Ølen kyrkje skal vera ein verdifull møteplass med Jesus Kristus; for den enkelte, for ulike aldersgrupper, i ulike livsfasar og livssituasjonar.

Me vil i denne perioden jobba vidare med å utvikla og styrkja trusopplæringsreforma vart vedteken i Stortinget år 2003, med mål at kyrkjelyden skal gje systematisk trusopplæring for alle døypete i alderen 0- 18 år. Me vil jobba for å utvikla både planane våre og arbeidet for den enkelte aldersgruppe. Me ynskjer at barn og unge skal få høve til å erfara og oppdaga kva det vil seia å vera døypt. Me ynskjer også at den enkelte skal kjenna seg heime i Ølen kyrkje og i dei ulike kristne arbeidslaga i kyrkjelyden, både i Ølen og i Ølensvåg.

Gudstenesta er ein sentral møteplass på



Bak frå v : Johannes Nedrelied, Kjetil Espeland, Torstein Christiansen, Erlend Nedrelied og Jan Børge Landro. Framme frå v : Johanne Eskeland, Anne Byrkja, Liv Ingunn Heie Medhaug og Bjørg Østvold. Ola E. Alne var ikkje til stades då biletet vart tatt

tvers av ulike arbeidslag i kyrkjelyden. Soknerådet vil vera med å utvikla gudstenesta, og me vil dette året ha særleg fokus på å styrkja salmesongen med forsongargruppe og arbeida for variasjon i utforming av gudstenester. Prosesjonskorset vil verta nytt dette året. Målet er også å få den nye lydanlegget til å fungera med teleslynge. Og mest av alt ynskjer me auka oppslutnad om gudstenestene!

Misjonsprosjektet kyrkjelyden har støtta

i Mali, er no avslutta. Soknerådet har nett valt nytt misjonsprosjekt, og me vil orientera meir om dette når avtalen er gjort.

Diakoni er også eit av satsingsområda i kyrkjelyden vår. Me ynskjer at arbeidet som vert drive i ulike arbeidslag, skal vera prega av leiarar som møter den enkelte med Guds kjærlek. Spesielle prioriteringar er å vera til hjelp ved andaktar på sjukeheimen, besøkja eldre jubilantar og laga hyggjestunder og torsdagstreff på Kyrkjeturnet. Me vil jobba for å utvikla både planane våre og arbeidet på dette feltet.

Ølen sokneråd ynskjer også fortsetja i eit nært samarbeid gjennom Kristent Fellesutval, samarbeidsorganet på tvers av ulike arbeidslag i kyrkjelyden. Samarbeida med Bjoa sokn vil også fortsetja og verta utvikla.

Soknerådet ser med glede fram til arbeid saman med motiverte tilsette og trufaste frivillige medarbeidarar.

**For Ølen sokneråd  
Liv Ingunn Heie Medhaug  
Soknerådsleiar**

## 11-ÅRSWEEKEND PÅ BRANDØY 5.-7. FEBRUAR




For 5 år på rad har me hatt weekend for 11-åringane frå Skjold, Vats, Nedstrand og Skjoldastrauen. Vikebygd har og vore med dei 2 siste åra. Om lag 50 kjekke ungarkvar gong. Kjekk

leir kor me får læra meir om Bibelen og om misjon. Me får leika og kosa oss. Sundagen inviterer me foreldra til å vera med på gudstenesta som alle har vore med og førebudd.



Misjonsamling. Her er det Madagaskar i fokus!



Lyskorset roer oss ned på kvelden før me seier: God natt!



God og kram snø. Nå skal det bli snøballkrig før me får grilla pølser til middag.  
Tekst: Sigrunn Hagen Arnesen. Foto: Annhild Mortveit, Ada Høvrings og Sigrunn HA



# LAG OG FORENINGAR - MØTE OG SAMKOME

## SPEIDARTIVOLI I SKJOLD

Speidarane og søndagsskulane i Skjold arrangerer i samarbeid Speidartivoli på Lie (badeplass) SØNDAG 11. april kl. 11.00

Arrangementet er for heile bygda. I starten vert ein liten søndagsskule før me set i gong med tivoli med kanopadding, spykasse, svampekast, ringspel, karusell og andre kjekke aktivitetar.

Sal av pølser, brus, kaker og kaffi ! Alle er velkomne. Helsing speidarane og søndagsskulane i Skjold



Velkommen til  
Lundeneset

### Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS  
Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS  
Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS

**Knapphus** **BILÅS**

5576 Øvre Vats  
Tlf. 52 76 73 10

**Knapphus**   
**BILVERKSTED**

5576 Øvre Vats  
Telefon: 52 76 73 12

**SpareBank 1 SR-Bank**

**Avd.: Ølen Avd: Vats Telefon 02002**

### Innbjoa bedehus

Møte onsdagar , partalsveker kl. 19.30, bønn kl 19.00  
Credo 4. – 7. klasse, torsd. oddetalsveker Kl 18.30 – 19.30

Husfelleskap hos Solveig og Trond Avseike  
annankvar tysdag.

### Utbjoa bedehus

26.mars kl 18.00 Bedehusbasar

### Bjoa kyrkje

Barnekoret øving torsdagar oddetalsveker.

Diakoninemnd for Bjoa:

Herlaug Norenes, Odd Gjerde, Alvild Halvorsen, Reidun Sjo

### Vikebygd bedehus

26.mars kl 19.00 Bedehusbasar m. årsmøte.  
08.april kl 19.30 GladSong. Feedback syng.  
29.april kl 19.30 Møte, G. Kallevåg, Indre sjøm.  
10. april og 8.mai kl 12.00 – 14.30 Grautsal.

Laurdagsklubben (4 – 10 år) kl 15.30 – 17.00  
27. mars, 10. april, 24. april, 8. mai.

Tripp-Trapp (0 – 6 år) kl 11.00  
09.april, 07. mai.

### KFUK-KFUM speidarane

Ulv & Meis (8 – 10 år) annankvar onsd. kl 17.00  
Speidarane (11 – 16år) annakvar onsd. Kl 18.00

Møtekunngjeringar i Vikebygd finn du og på: [www.vikebygd.org](http://www.vikebygd.org)

**joker**

Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01  
E-post: [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)



**Primærtjenesten Bjoa AS**

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80



**KYRKJETUNET**  
ØLEN BEDEHUS OG KYRKJELYDSSENTER

[www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no)

Søn. 28.3. kl.19.30

Møte v/Georg Mork, NLM

Tors. 1.4. kl.20.30 Kveldsmåltid

Tors. 8.4. kl.10.30 Tripp Trapp

Tors. 8.4. kl.19.30

Kyrkjekveld v/J.Nedrelid

Tys. 13.4. kl.17.30 Barnekor

Tys. 13.4. kl.18.30 Klubb

Ons. 14.4. kl.16.00

Hyggetreff v/diakoniutv.

Tors. 15.4. kl.19.00

Kvinneforum

Søn. 25.4. kl.16.00 F-16

Tys. 27.4. kl.17.30 Barnekor

Tys. 27.4. kl.18.30 Klubb

Tors. 6.4. kl.10.30 Tripp Trapp

Tors. 6.4. kl.11.00 Torsdagstreff

Bønnemøte kvar onsdag kl. 19.30

#### HYGGETREFF

på Kyrkjekunet i Ølen,  
onsdag 14 april, kl. 16.00

Tema: " Atter som eit under nytt liv av  
daude gror"

v/ Aud Vihovde Hoftun

Sang av Randi Byrkja Dagsland og  
Solrun Byrkja

Loddsalg og kaffi.

Velkommen

Arr.: Diakoniutvalet i Ølen sokneråd

# GRAVSTEIN



Se vår  
store  
utstilling,  
eller ring  
og be om  
katalog.

Se også vår hjemmeside:  
[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Årabrotsvn. 21, Kvala  
**Tlf. 52 70 42 90**

ÅPNINGSTIDER:

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30.  
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt

## FRÅ KYRKJEBOKA

### Ølen

#### Døpte:

- 14.02. Thomas Vik
- 14.02. Sara Vik
- 14.02. Ewa Emelia Carnerö
- 14.02. Rebecca Steging Hustveit
- 14.02. Ida Celine Staknes

#### Døde:

- 27.01. Bergit Cecilie Steinsland
- 31.01. Solveig Tordis Lunde
- 31.01. Synnøve Berge
- 10.02. Johannes Stene

### Vigde i Ølen

- 27.02. Maria Kolnes og  
Carl Steffen Aambo

### Vikebygd

#### Døpte:

- 21.02. Heine Tjoflot Nes

#### Døde:

- 09.02. Emma Pauline Svendsbøe

### Bjoa

#### Døde:

- 07.02. Halldis Ågot Lygre
- 10.02. Serine Kristine Nygård
- 11.02. Anna Hetland

### VIKEDAL

#### Døpte:

- 17.01. Mina Grimås
- 31.01. Marian Haraldsen Ræstad,
- 31.01. Sigurd Fosen.

#### Vigde:

- 27.02. Cathrine Hamre  
og Frode Tindeland.

### Døde:

- 12.01. Andreas Vestbø f.1926

### IMSLAND

#### Døpte:

- 07.02. Celine Rønnevik,
- 07.02. Kasper Rønnevik.

### SANDEID

#### Døpte:

- 24.01. Hedda Kvinnesland
- 21.02. Oliver Sahlin

#### Døde:

- 27.01. Egil Dalland Sjo f.1952
- 30.01. Anders Lærdal f.1923

### SKJOLD

#### Døpte:

- 14.02. Enya Haugen Langeland,
- Mateo Hustoft-Lindanger.

#### Døde:

- 14.12. Samson Skaar f.1923
- 09.01. Sigrid Serina Dalen f.1919
- 31.01. Sigrid Langeland f.1922

### VATS

#### Døpte:

- 10.01. Johann Eikesdal
- 24.01. Michelle Nordtveit

#### Døde:

- 29.11. Magnhild Krakk f.1924
- 05.12. Mary Kvamen f. 1918
- 06.12. Aksel Olsen f.1936
- 07.12. Severine Elisabeth Hustoft f.1921
- 26.12. Otto Malvin Flatnes f.1939
- 16.01. Jon Natskår f.1923
- 09.02. Erling Mæland f.1912

### VÅGEN BEDEHUS:

[www.vaagenbedehus.no](http://www.vaagenbedehus.no)

24.-28.3 Møteveke m/evangelist  
Steinar Harila.

Søn. 4.4: 1.påskedagsmøte  
v/Frelsesarmeene.

Ons. 7.4: Bønnemøte

Søn. 11.4: Samtalegudsteneste Ølen

Tys. 13.4: Basar, Gutelaget "Daniel"

Ons. 14.4: Bønnemøte

Søn. 18.4: Søndagsmøte

Ons. 21.4: Bønnemøte

Søn. 25.4: Søndagsmøte

Ons. 28.4: Bønnemøte

### Eldretreff på Vindafjordtunet

28. mars (palmesundag) kl 15:30  
Alle pensjonistar er hjartelig  
velkomne

Arr.: Nedre Vats Helselag

### BASAR

Nedre Vats Helselag har basar på  
Kårhus Bedehus  
fredag 16. april kl. 19:00  
Alle hjartelig velkomne



Neste nr av Hyrden kjem ut

2. juni . Stoff kan sendast til

Hyrdingen, Rådhuset 5580 Ølen

E-post: [hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no](mailto:hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no)

Frist for innlevering av stoff:

12. mai.

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

|  | <b>Vikedal prestegjeld</b>  | <b>Skjold prestegjeld</b>   | <b>Ølen prestegjeld</b>   |
|--|---|---|---|
| <b>28. mars</b><br>Palmesundag<br>Joh 12,12-24                   | <b>Vikedal kl. 10.00</b><br>Nattverd<br>Takkoffer: MF   | <b>Vats kl. 11.00</b><br>Dåp. Offer: Søndagsskulekrinsen<br>Søndagsskule Kårhus bedehus.<br>Kyrkjekaffi                 | <b>Ølen – Olalia kl. 12.00</b><br>Friluftsgudsteneste<br>Takkoffer: Familie og Media  |
| <b>1. april</b><br>Skjærtorsdag<br>Joh 13,1-15                   | <b>Imsland kl. 11.00</b><br>Nattverd<br>Takkoffer: Konfirmantarbeidet   | <b>Skjold kl. 17.00</b><br>Nattverd<br>Takkoffer: Diakoniarbeidet<br>Kveldsmat  | <b>Vikebygd kl. 11.00</b><br>Nattverd. Takkoffer: NLM<br><b>Ølen kl. 19.30</b><br>Nattverd. Offer:Diakoniarbeidet.<br>Kveldsmat Kyrkjetur                       |
| <b>2. april</b><br>Langfredag<br>Mark 14,26-15,37                | <b>Sandeid kl. 11.00</b><br>Pasjonsmesse<br>Takkoffer: Kirkens Bymisj.  | <b>Vats kl. 11.00</b><br>Pasjonsgudsteneste   | <b>Bjoa kyrkje kl. 19.30</b><br>Nattverd.<br>Takkoffer. Åpne Dører  |
| <b>4. april</b><br>Påskedag<br>Høgtidsgudsteneste<br>Joh 20,1-10 | <b>Vikedal kl. 11.00</b><br>Nattverd Takkoffer: NMS<br><b>Imsland kl. 19.00</b><br>Takkoffer: Frelsesarmeens  | <b>Skjold kl. 11.00</b><br>Dåp. Nattverd.<br>Takkoffer: NMS   | <b>Ølen kl. 11.00</b><br>Dåp. Takkoffer:<br>Indremisjonssamskipnaden.<br><b>Bjoa kl. 17.00</b> Påskesang. Dåp.<br>Takkoffer:Kyrkjelyden.                        |
| <b>11. april</b><br>1.s.e.påske<br>Joh 21, 1-4                   | <b>Imsland kl. 11.00</b><br>Nattverd  | <b>Vats kl. 17.00</b><br>Generasjonsgudsteneste<br>Nattverd<br>Takkoffer: Kyrkjelyden                                   | <b>Ølen kl. 18.00</b><br>Ung messe v/konfirmantane<br>Takkoffer:Konfirmantarbeidet  |
| <b>18. april</b><br>2.s.e.påske<br>Joh 21, 15-19                 | <b>Sandeid kl. 11.00</b><br>Familiegudsteneste<br>Tripp Trapp til 3-åringane.<br>Offer: Acta Normisjon  | <b>Skjold kl. 17.00</b><br>G-17 Gudsteneste<br>Nattverd. Jungelbarna.<br>Takkoffer: KRIK. Kveldsmat                     | <b>Vikebygd kl. 18.00</b><br>Samtalegudstenste.<br>Konfirmantar.<br>Takkoffer:Feedback  |
| <b>25. april</b><br>3.s.e.påske<br>Joh 14,1-11                   | <b>Vikedal kyrkje kl. 11.00</b><br>Konfirmasjon<br>Takkoffer:Konfirmantarbeidet   | <b>Vats kl. 17.00</b><br>Nattverd.<br>Takkoffer: MHS  | <b>Vikebygd kl. 11.00</b><br>Konfirmasjon<br>Takkoffer: Misjonsprosjektet.  |
| <b>1. mai</b><br>Lørdag<br>Luk 6,31-35                           |   | <b>Skjold kl. 11.00</b><br>Konfirmasjon. Takkoffer: Barne<br>og ungdomsarbeidet.  |   |
| <b>2. mai</b><br>4.s.e.påske<br>Jes 1,18-20                      | <b>Imsland kl. 12.00</b><br>Konfirmasjon<br>Takkoffer:Konfirmantarbeidet  | <b>Skjold kl. 10.00</b><br>Konfirmasjon Takkoffer: Barne<br>og Ungdomsarbeidet.   | <b>Ølen kl. 10.00 &amp; kl 12.00</b><br>Konfirmasjon. Takkoffer: Barne<br>og ungdomsarbeidet i<br>kyrkjelyden.  |
| <b>8. mai</b><br><b>Lørdag</b><br>Sal 65,2-14                    |   | <b>Vats kl. 11.00</b><br>Konfirmasjon<br>Takkoffer: Lovsangsheimen  |   |
| <b>9. mai</b><br>5.s.e.påske<br>Matt 6,6-13                      | <b>Sandeid kl. 10.00</b><br>Konfirmasjon<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarb.   | <b>Vats kl. 12.00</b><br>Konfirmasjon<br>Takkoffer: Lovsangsheimen  | <b>Bjoa kl. 11.00</b><br>Konfirmasjon. Takkoffer:<br>KFUM/KFUK lokal  |
| <b>13. mai</b><br>Kristi<br>Himmelfartsdag                       |   | <b>Imsland kl. 11.00</b><br>Felles for heile kommunen. Nattverd.<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid                         |   |
| <b>16. mai</b> 6.s.e.påske                                       |   | <b>Ingen gudsteneste</b>  |   |
| <b>17. mai</b><br>Grunnlovsdag<br>Joh 12,35-36                   | <b>Imsland kl. 10.00</b><br>Takkoffer: Redd Barna<br><b>Sandeid kl. 11.30</b><br>Takkoffer: Redd Barna<br><b>Vikedal kl. 13.00</b><br>Takkoffer: Redd Barna | <b>Vats kl. 10.00</b><br>Takkoffer: Kirkens bymisjon,<br>Rogaland.<br><b>Skjold kl. 11.30</b><br>Takkoffer: Nytt orgel. | <b>Vikebygd kl. 10.00</b><br>Takkoffer: Kyrkjelyden<br><b>Bjoa kl. 10.15</b><br>Takkoffer: Kyrkjelyden<br><b>Ølen kl. 11.30</b><br>Takkoffer: Evangeliesenteret |
| <b>23. mai</b><br>Pinsedag<br>Joh 14, 15-21                      | <b>Vikedal kl. 11.00</b><br>Nattverd. Takkoffer:<br>Landsbyprosjektet<br><b>Imsland kl. 19.30</b><br>Takkoffer: NMS   | <b>Vats kl. 11.00</b><br>Høgtidsgudsteneste.<br>Nattverd<br>Takkoffer: Normisjon  | <b>Vikebygd kl. 11.00</b><br>Høgtidsgudsteneste.<br>Nattverd<br>Takkoffer: Normisjon,<br>internasjonal.   |
| <b>30. mai</b><br>Treeiningssundag<br>Matt 28,16-20              |   | <b>Skjold kl. 11.00</b><br>Nattverd<br>Takkoffer: Sjømannskirken  | <b>Ølen kl. 11.00</b><br>Jazzgudsteneste. Dåp. Nattverd.<br>Takkoffer: Misjonshøgskolen   |
| <b>6. juni</b><br>2.s.e.pinse<br>Luk 12,13-21                    | <b>Sandeid kl. 11.00</b><br><b>Kystkultur</b> Takkoffer:<br>Norsk kyrkje i utlandet   | <b>Vats kl 11.00</b><br>Nattverd.<br>Takkoffer: Kyrkjelyden   | <b>Bjoa kl. 11.00</b><br>Blomstergudsteneste.<br>Takkoffer: Normisjon   |

*“Lat oss ikke halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)*